



NAV HORDALAND
Postboks 284
5804 BERGEN

Dato: 08.05.2018
Vår ref.: 2016/5124-3
Saksbehandlar: johmeyer
Dykkar ref.:

Melding om mogleg "masseoppseiing" i Hordaland fylkeskommune, jf aml §15-2

Hordaland fylkeskommune meldar gjennom dette brev at endringar i skuletilbodet til elevar i vidaregåande opplæring i år vil føre til ein overtalssituasjon som kan føre til oppseiingar av fleire enn 10 tilsette. Denne situasjonen utløysar fylkeskommunen sin varslingsplikt til NAV.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har gjort vedtak om avvikling av Hjeltnes vidaregåande skule og delar av Laksevåg vidaregåande skole, begge med verknad frå 1. august 2018. Det er også vedteke omlegging av programområdet restaurant- og matfag med konsentrasjon av tilbodet til færre skular enn tidlegare. På bakgrunn av endra søkjartal til dei andre tilboda ved dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen ser vi at dette og kan føre til noko overtal. Spesielt vil vi nemne fagområdet TIP – teknikk og industriell produksjon.

Hordaland fylkeskommune vil arbeide aktivt saman med dei tillitsvalte og bruke naudsynt tid med sikte på å finne løysingar for dei tilsette.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Geir Davidsen
HR-direktør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Dei hovudtillitsvalte i Hordaland fylkeskommune